

---

Vår referanse 2020/77056-3  
Dato 07.12.2020

---

KARSTEN OMA  
GRIMSTADVEGEN 345  
5252 SØREIDGREND

Svar - Søknad om dispensasjon frå byggegrense - fv. 5484 - tilbygg - gnr 415 bnr 50 - Alver kommune

Vi viser til søknad om dispensasjon frå byggegrense, datert 18.11.2020.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5484 for å oppføre tilbygg på gnr. 415 bnr. 50 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 16.11.2020.
2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5484 Radøyvegen skal vera minst 21 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tilbygget må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5484.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 400. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «mindre streng» jf. *Rammeplan 2017-2020*.

Det er søkt om eit nytt tilbygg med ca. 21 meter frå vegmidte på fylkesvegen. Tilbygget som skal rivast og erstattast med nytt vil ikkje kome nærare fylkesvegen enn det eksisterande tilbygget. Tilbygget vil heller ikkje komme i konflikt med siktlinjer eller bruk av fylkesvegen. Vi vurderer det difor slik at vi kan gje dispensasjon frå byggegrensa.

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå

vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Har du spørsmål i saka kan du ta kontakt med sakshandsamar Lillian Byrknes på tlf. 45638702, eller på e-post [lillian.bakke.byrknes@vlfk.no](mailto:lillian.bakke.byrknes@vlfk.no).

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*